

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.10.2014
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberset
SAKA GJELD: **Oppfølging av internrevisjonsprosjekt innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)**

ARKIVSAK: 2014/222/
STYRESAK: 119/14

STYREMØTE: 04. og 05.11. 2014

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Oppsummering

Det var i 2012 eit internrevisjonsprosjekt av rusfeltet i Helse Vest. Styra i RHF-et og HF-a behandla rapporten og handlingsplanar frå administrasjonane ved slutten av det året. Revisjonsutvalet i Helse Vest fekk ei statusoppdatering i desember 2013 og ei ny oppdatering i september 2014. Det er den siste saka som ein nå òg legg fram for styret med små endringar.

Internrevisor har hatt ein dialog med administrasjonen i Helse Vest RHF om dette, og vil vise til at administrasjonen legg fram ei parallell sak til styret. Den tar særleg for seg vedtaket i Helse Vest-styret i desember 2012.

Kommentarar

Det følgjande er henta frå saka til revisjonsutvalet:

Denne saka låg føre til behandling i revisjonsutvalet 22.5.2014, men vart utsett ettersom Helse Stavanger ikkje hadde kome fram med si tilbakemelding. Føretaket har nå lagt fram sin statusrapport og saka blir derfor lagt fram i samla versjon.

Teksten i det følgjande er i hovudsak lik sak nummer 17/14 til Revisjonsutvalet i mai-møtet.

Konklusjon i internrevisjon av tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengige (TSB) (2012):

«Helse Vest RHF har etter rusreforma i 2004 arbeidd systematisk med å utvikle TSB innan sitt vide sørge-for-ansvar. Helseføretaka har blitt stadig meir aktive med eigne tenester og med koordinerande aktivitetar i sitt føretaksområde. Dei private institusjonane gjer som før eit heilt sentralt arbeid innan TSB, og ser ut til å ha komme gjennom den turbulensen som fulgte med anbudsprosessen i 2010. Det gode arbeidet til tross, vil det alltid vere noko som kan utviklast vidare. På bakgrunn av våre undersøkingar vil vi her trekke fram ein del tiltak.»

Deretter presenterte rapporten ni tilrådingar, dels stila til alle i føretaksgruppa, dels RHF-et, og dels enkeltføretak.

Revisjonsutvalet si første oppfølging av rapporten Sak 19/13:

Revisjonsutvalet blei orientert om føretaka si oppfølging i sitt desembermøte 2013. Følgjande er protokollert i frå utvalet si oppfølging av rapporten.

Oppsummering:

I saken låg tilbakemeldingar frå alle helseføretaka og RHF-et på det arbeidet som er utført sidan styra behandla internrevisjonsrapporten tidleg i 2013. Internrevisor gjorde greie for at tilbakemeldinga dessverre tok lengre tid enn planlagt, og at fleire uteståande forhold i statusplanane gjer det ønskeleg med ei ny oppfølging på våren/forsommaren. Utvalet drøfta saka, og blei samstundes kort orienterte av administrasjonen om den nye anbudet som vert planlagt utlyst til neste år blant private rusbehandlingsinstitusjonar.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering og ber om å få ei ny tilbakemelding sommaren 2014.

Ny oppfølging våren 2014:

Vedlagte korrespondanse viser internrevisor sitt brev våren 2014 til HF-a og RHF-et, og responsen frå dei same.

Internrevisor si vurdering av tilbakemeldingane våren 2014

Då saka var til behandling i styret i Helse Vest RHF, 05.12.2012, vart det protokollert at ein der særleg var opptekne av følgjande problemstillingar:

- Erfaringane med felles vurderingseining i Helse Bergen er gode. I dei 3 andre HF-a er det 14 vurderingseiningar og felles vurderingseining bør vurderast etablert i alle HF.
- Pasientbehandlinga: Deltek psykologane nok i pasientbehandlinga og er kompetanse i pasientbehandling tilfredstillande? Blir individuell plan nytta for alle som har rett til det? Forsking og dokumentasjon på kva slags behandling som verker over tid. Samarbeid med kommunane om oppfølging etter gjennomført behandling.
- Pasientforløp: Praksis ved pasientutsett frist, oppfølging av pasientar som ikkje møter til behandling, pasientforløp ved sprekk – mellom behandlingsnivå og mellom avrusing og behandling, registrering av ventetid ved sprekk og pasientutsett frist.
- IKT støtte: Kan det gjerast grep for å sikre rett rapportering og unngå problemstillingar grunna ulike system hos tenesteleverandørane?

Det første punktet vart diskutert i seinare styremøte i Helse Vest (sak 102/2013) med dette vedtak: «Basert på saksførelegget slutta styret i Helse Vest seg til at det ikkje blir etablert fleire felles vurderingseiningar i føretaksområda no».

Dei tre neste punkta er alle omtalt av føretaka i sine svar, om enn indirekte. Internrevisor vil her særleg vise til svaret frå Helse Fonna, som i eit notat beskriv dette med pasientutsatt frist, og til Helse Bergen som svarar godt ut fleire av dei mest sentrale punkta.

Ser ein stort på det, viser tilbakemeldingane frå føretaka at det er blitt arbeidd med dei tilrådingane som kom fram i internrevisjonsrapporten, og som RHF-styret fann grunn til å understreke i si behandling. Likevel viser tilbakemeldingane også at det som RHF-styret stikkordsmessig trakk fram, er forhold som er grunnleggande utfordringar for systemet og som det er nødvendig med eit kontinuerlig utviklingsarbeid med for å lukkast.

Dette er også forhold som går utover ein einskild revisjonsrapport, og som det kan knytte seg usikkerheit til vil la seg løyse gjennom fleire oppfølgingar frå internrevisjonen si side.

Konklusjon

Saka er ei orientering, utan særskilte framlegg til vedtak. Det er ei bestilling frå styret om å bli orienterte om oppfølginga av rapporten. Internrevisor vil i dialog med administrasjonen virke til at det vil kunne skje.

Teksten ovanfor var henta frå sak til revisjonsutvalet 30. september 2014. Her følgjer det som blei notert i møtet. (Merk at protokollen ikkje er godkjent, men kommer til behandling i utvalet sitt neste møte.)

Sak 27/14 B Oppfølging av prosjekt om TSB

Oppsummering:

Dette var ein tidligare internrevisjonsrapport som revisjonsutvalet også tidlegare (03.12.2013) var blitt orientert om status på kva gjeld oppfølginga i RHF-et og HF-a. Utvalet bad den gang om ny statusrapport våren 2014. Det var denne statusrapporten som nå låg til behandling etter at ikkje alle føretak hadde levert tilbakemelding til utvalet sitt møte (22.05.2014).

Utvalet gjekk i si drøfting inn på både form og innhald. Utvalet bad internrevisor arbeide for bruk av felles mal for utarbeiding og statusrapportering av føretaka sine handlingsplanar. Utvalet var elles tilfreds med tilbakemeldingane frå føretaka og meinte det var svært nyttig lesing også på det framlagte detaljeringsnivå.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar sak om oppfølging til orientering og ber om at styret blir orientert om handlinga i utvalet.

Vedlegg
Statusoppdateringar frå helseføretaka